



## MODALEN KOMMUNE

### Høyringsuttale om forslag til endringar i eigedomsskattelova om eigedomsskatt på grunn under kraftliner

Modalen kommune viser til Finansdepartementet sitt høyringsnotat 23. juni 2022 om eigedomsskatt på grunn under kraftliner med høyringsfrist 29. juli 2022.

Modalen kommune støttar felles høyringsuttale frå Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) og Kommunesektorens Organisasjon (KS). Modalen kommune er i likskap med LVK og KS svært kritisk til departementets forslag til lovendring slik den er lagt fram. Ei endring i lova må føra til at kommunane sitt behov for anvendelege reglar vert ivareteke, samstundes som grunneigarar vert heilt fritekne for eigedomsskatt under kraftliner.

Modalen kommune vil samtidig understreke at det er uheldig at departementet har sett frist for kommentarar til forslaget til 29. juli, då dette er midt i perioden for ferieavvikling. Då forslaget vart sendt på høyring 23. juni, tyder det at kommunane i røynda ikkje er i stand til å koma med eit høyringssvar innan fristen. Det er svært uheldig at dette ikkje vert politisk behandla. Ein ser dverre at dette er ein trend frå mange høyringsinstansar, og som kan bidra til å svekke lokaldemokratiet sin påverknad i saker som er viktige både lokalt og nasjonalt.